

Referat frå folkemøte/idédugnad framtidas Bygland i Årdalshallen 26.05.2021

- Leiar av PLMR v/Anne Eikerapen innleia møte.
- Leiar av drift og forvaltning v/Kjell Øyvind berg informerte og hadde ein god gjennomgang på prosessen for revideringa av kommuneplanarbeidet, kva ein plan betyr, kva den skal innehalde, samhandling mellom ulike planar osv.

Innspel:

- Legge ut linken til samfunnsdelen saman/på same side som innspelslinken.
- Spørsmål om lysløpa som har vore teke opp i fleire samanhengar – vil ei slik lysløype verte realisert.
- Om der er moglegheit for å sende inn innspel om eit tiltak utan å ha ei konkret forslag til plassering.
- Oppteke av om der er moglegheit for å omregulere private eigedomar pga. «forsøpling» på areal som ikkje vert nytta til det areala er regulerte til.
- Nullkonsesjon på bustadhus i bustadfelt – for mange bustadhus som der ikkje bur folk i, og om kommunen kan vere meir aktiv opp mot eigalarar av bustadhus med tanke på eventuelt sal.
- Ynskte at kommunen var meir offensiv i høve strukturen på bustadtomtesalet – gjere det meir attraktivt.
- Ynskje om gateljos.
- Nedsetting av fartsgrense til 30 km/t (soneskilt) i «kvadreaturen» samt bluespeil i nokre kryss.
- Oppgradering av leikeplassar – er det behov for alle små. Kanskje heller satse på ein større.
- Etabling av eit slags ungdomstilbod for utleige av bustadhus og eventuelt gi dei eit «godt bustadkjøp» for dei som ynskjer å etablere seg i kommune.
- «omrokking» på bruk av kommunale bygg – kan dei som f.eks nyttar pakkbua flyttast til evt. Kjøpmannsgata.